

Signes' brødpose

Brød som ligger i plastpose blir fort dårleg og må kastast. Dersom du pakkar brødet inn i ein stoffpose, vil fuktigheita ha mulighet til å slippe ut, og brødet varer difor lenger. Dette er HOLDBART. Du bør velje ein tekstil som er mest mogleg naturleg, sidan dette skal vere i kontakt med mat. Lin eller bomull er gode val. Velg gjerne brukte stoff, for der er alle giftstoff vaska ut for lenge sidan.

Tekst og foto: Magnhild Runde, Husflidskonsulent i Sogn og Fjordane

Dette trenger du:

- Lin- eller vaska bomullsstoff, ca 50X55 cm
- Snøre, 2x 90 cm



Slik gjør du:

Klipp opp eit rektangel som er ca 50 x 55 cm. Så klipper du av 10 cm øvst på stoffet og deler dette igjen på midten. Du har no eit rektangel på ca 40x55 cm, som skal vere sjølvpeosen, og to rektangel på ca 10x27,5 cm, som skal vere løpegang. Overlock eller sikk alle sårkantane og sy ein fald øvst på stoffet som skal vere brødposen.



1. Brett inn alle sårkantane på løpegangen ca 1 cm og press ned med strykejern.



2. Nå fast løpegangane øvst på posen slik at dei ligg ca 1 cm frå sårkantane og med ca 2 cm mellom seg, på midten. Sy fast løpegangane.



3. Sy side- og bunnsaumen på posen. I botn bretter du hjørna til side og syr ein saum ca 5 cm inn på stoffet, frå kant til kant.



4. Lag gjerne eit eige snøre eller finn noko som kan passe. Tre det eine frå høgre til venstre og gjennom begge løpegangane og knyt endane. Tre den andre motsett veg og knyt endane. Når du drar i snøra, så lukker du posen.